

Månadsbrev oktober 2015

Oktober måned startar med **haustferie**, og mørketida set inn, så hugs å bruka refleks! SMU har bestemt at 1. - 4. klasse brukar **refleksvest**, medan 5. - 10. klasse kan velja kva slags refleks dei brukar. Det er uansett viktig å bli sett!



Trass utsetting av **overnattingstur**, vart det nokre fine dagar på **Børsteinen**, der elevane storkoste seg i kano og kajakk og leik. Alle klassar har gjennomført **foreldremøte**, Sølvi, Grete og Åse-Berit er svært nøgde med høvesvis **SKU ressurslærarsamling** og **ASP UNESCO** skulenettverk-seminar. Kommunedagen vart dessverre avlyst, men i staden nytta ungdomsskuleelevane dagen til samvær med elevane på Outdoor College på Lunde. Dei var først på Runtleneset der dei hadde ulike oppgåver, før lunsj og aktivitetar på skulen. "Det var kjekt, men vått og kaldt." 1.-6. klasse såg "Gutta i trehuset", som var kjempebra, og med flotte kulissar. September har med andre ord vore ein måned med mange fine opplevingar!

På bussen slit me med mykje lyd og elevar som ikkje alltid tar omsyn. Alle får plass på bussen, og alle har faste plassar, der dei minste sit fremst, og så fordeler dei seg etter alder bakover i bussen, så ingen treng stå heilt utpå kanten av busslomma når bussen kjem! Det er heller ikkje naudsynt å bruka utestemme når ein skal snakka saman inne i ein buss... Skulen tar dette opp med jamne mellomrom, og med enkeltelevar når det trengs, men me vil gjerne at ein snakkar om dette i heimen òg, slik at me kan vera stolte av korleis ungane på Sinnes skule oppfører seg.

Byggearbeida på uteområdet er godt i gang, og det går greitt sjølv om nokre område er avstengde, og i haustferien satsar dei på å få ferdig området som skal asfalterast.

5. klasse skal ha **nasjonale prøver**, dvs. 13. (lesing), 14. (engelsk) og 20. (rekning) okt. Det vert tverrfaglege samarbeidsmøte 1. og 29. oktober, jf. eige skriv, og foreldrekonferansane kjem siste veka i oktober, sjå ev. skuleheftet. Alle familiar har fått eit eksemplar, og dette vert oppdatert på heimesida etter kvart, t.d. råd og utval. Som nokon allereie har oppdaga, er ikkje "Reglar og rutinar for ungdomsskuleelevane" oppdatert etter dei nye ordensreglane, t.d. pkt. 6, så me vil berre slå fast at mobiltelefon ikkje er tillate i bruk. Om nokon likevel har med mobilen, må han ha fast plass i sekken. Lærarane vil ikkje sjå han! Litt **turverksemd** vert det i oktober òg: Valfagsgruppa fysisk aktivitet og helse skal på overnattingstur til Øysteinshedlaren 1.-2. oktober. 8.-10. klasse skal truleg ha MOT-samling 15. oktober, og 1.-3. klasse skal ha haustsamling 20. oktober i gymsalen og ungdomsskulen 21. oktober. Som vanleg markerer me **SN-dagen**, i år 23. oktober. SN feirar 70 år, og både åremålet og det internasjonale året for lys og lysteknologi vert markert, m.a. med FN-stafett!

Symjebassenget opnar på kveldstid 12. oktober, så her er det berre å møta opp!

Ha ein fin haustferie, og ein flott haustmånad!

Sinnes 29.09.15, *Åse-Berit* (rektor)

